



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 37

## (2002–2003)

### Rettferdsvederlag av statskassa

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 23. mai 2003,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

#### 1 Innleiing

Regjeringa legg med dette fram ei oversikt over arbeidet med rettferdsvederlag av statskassa.

I retningslinjene for behandling av saker som gjeld rettferdsvederlag, som vart vedtekne av Stortinget 26. oktober 1999 og sette i verk 20. november 1999, vart klageretten oppheva for vedtak gjorde av Utvalet for rettferdsvederlag etter iverksetjinga av retningslinjene.

Dei siste klagesakene vart fremja i St.prp. nr. 30 (2001–2002). Så langt Justisdepartementet kjenner til, finst det no ingen ubehandla klagesaker til førebuaende behandling. I samsvar med stortingsvedtaket 26. oktober 1999 skal det utarbeidast årlege meldingar til Stortinget om ordninga for rettferdsvederlag. Gjennom behandlinga av årsmeldingar kan Stortinget såleis bli halde orientert om utviklinga og ha høve til å gi sine signal og synspunkt, jf. i denne samanheng Innst. S. nr. 4 (1999–2000) og stortingsvedtak nr. 19, punkt 2. I framtida vil derfor ei årleg orientering til Stortinget om arbeidet i Utvalet for rettferdsvederlag, og dessutan eventuelle andre generelle forhold knytte til ordninga for rettferdsvederlag, bli fremja som stortingsmelding.

#### 2 Stortingets utval for rettferdsvederlag

Til medlemmer av utvalet for perioden 1. april 2002 til 1. april 2006 har Stortingets presidentskap utpeikt stortingsrepresentant Tore Nordtun, med stortingsrepresentant Harald T. Nesvik som per-

sonleg vararepresentant, og stortingsrepresentant Julie Christiansen, med stortingsrepresentant Siri Hall Arnøy som personleg vararepresentant. Høgsterettsdommar Arne Christiansen, med personleg vararepresentant høgsterettsdommar Trond Dolva, held fram som leiar i perioden.

#### 3 Arbeidet i Utvalet for rettferdsvederlag

Etter utgreiinga om arbeidet i Utvalet for rettferdsvederlag, i St.prp. nr. 30 (2001–2002), hadde utvalet eitt møte i 2001, og behandla her 88 saker. Det er innvilga rettferdsvederlag i 42 av desse sakene, med til saman kr 3 745 000,-. Erstatningsutbetalingane i dei enkelte sakene for 2001 ligg mellom kr 30 000,- og kr 200 000,-.

I 2002 har utvalet hatt fem møte og til saman behandla 335 saker. Det er innvilga rettferdsvederlag i 145 av desse sakene, med til saman kr 12 975 000,-. Utbetalingane i dei enkelte sakene for 2002 ligg mellom kr 10 000,- og kr 200 000,-.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 23. mai 2003 om rettferdsvederlag av statskassa blir send Stortinget.